

## ÅRSMELDING FOR MYRKDALEN UNGDOMSLAG 2016

Styret var samansett slik:

Leiar – Karina Tveite

Kasserar – Ingri Mørkve

Skrivar – Lene Bystøl

Styremedlem – Geir Lirhus, Simianne Jordalen og Gunn Hirth

Ungdomslaget har i år hatt 20 familiemedlemskap og 26 enkelt medlemskap.

Ungdomslaget har hatt sju styremøte. På desse møta har me handsama saker som vidare oppussing av huset, planlegging av uteområdet og planlegging av arrangement.

I året som gjekk har me fått opparbeida eit stort uteområde. Det er fylt ut med massar og me har grusa plassen. Me har opna opp ein fuktskade inni matsalen. Den viste seg å komma frå muren utanfrå. Me har greve opp og drenert - dette vert ferdig til våren/sommaren. Inne skal det vera ferdig til 17. mai. I tillegg har me måla dei resterande veggane ljose, så heile matsalen får seg eit etterlengta lyft.

**Ei stor takk til alle som har vore med på dugnad i år!**

Av arrangement har me skipa til handarbeidskveldar, karneval, påskemarknad, skidag og ittepaoski saman med Grendalaget, jonsokfeiring, diskotek for born, grendamiddag, haustfest og førjolskaffi.

Arrangementa har jamt over hatt godt oppmøte, men endå har me plass til fleire! Det som drog mest folk var arrangementa for borna, marknaden, skidagen og haustfesten.

Takk til 17.mai nemnda og Voss Sparebank for økonomisk støtte.

### Medlemsprisar 2017:

Familie 300 kr (to vaksne og barn under 20år)

Enkeltmedlem 100 kr

### Utleieprisar 2017:

Heile huset 1500 kr

- Utvask 1500 kr

Ei-n etasje 800 kr

- Utvask 800 kr

Møte 200 kr

- Styret